

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Anne Silje Sylvarnes, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 18/6482-1

### **Gulen og Masfjorden Utvikling AS - styremedlem**

#### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

Som fylkeskommunen sitt styremedlem i Gulen og Masfjorden Utvikling AS vert peika ut:

1: Audhild Schaathun

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn og saksopplysningar**

Sogn og Fjordane fylkeskommune eig 22 % av aksjane i Gulen og Masfjorden Utvikling/GMU. Selskapet skal legge til rette for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden, og vere ein pådrivar og koordinator for å medverke til lønsame arbeidsplassar.

I 2016 vart vedtektene endra slik at selskapet skal ha ei valnemnd som gir tilråding Styret i GMU vert valt for eitt år om gongen. Etter generalforsamling i 2017 er styret sett saman slik: Halvard Oppedal (styreleiar), Karstein Totlan (nestleiar), Steinar Østerbø, Solveig D. Kristiansen, Njål Wilberg, Frode Kversøy og Audhild Schaathun. Den sistnemnde er fylkeskommunen sitt styremedlem, som er peika ut av fylkeskommunen.

### **2. Vurderingar**

Vi legg vekt på å sikre ei god kopling mellom fylkeskommunen sitt næringsarbeid og GMU si verksemd. Schaathun er tilsett i nærings- og kulturavdelinga ved fylkeskommunen, og var fylkeskommunen sitt styremedlem i 2017-18.

### **3. Konklusjon**

Hovudutval for næring og kultur peikar ut eitt styremedlem i Gulen og Masfjorden Utvikling AS sitt styre for perioden 2018-19.